



MØTEBOK 05/26

FORMANNSKAPET

Møtedato: 05.05.2026**Møtetid:**

Kl. 14:00 - 17:45

Møtestad: Sula rådhus, 4. etg**Saksnr.:**

037/26 – 047/26

Følgjande medlem møtte

Jim Arve Røssevoll

Karoline Antonie Slinning

Bendik Valseth Havnegjerde

Martin Nicolai Skår

Nils Erik Bjørkavåg

Turid Kristin Sand Humlen

Åse Petrin Vegsund

Parti

AP

AP

FRP

FRP

H

H

KRF

Møteleiar:	Turid Kristin Sand Humlen
Frå administrasjonen:	Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, kommunalsjefane Ragnhild Hanken Skjong (oppvekst og kultur) og Gunhild Fjeldvig Tørle (helse og meistring), HR-leiar Torry Larsen, fagleiar økonomi Per-Arne Christensen, fungerande einingsleiar kommunalteknikk Terje Havnegjerde, ingeniør Marie Fauskrud, rådgivar Anne Lise Engkrog Salen og politisk koordinator Frode Elias Synnes.
Innkalling:	Innkalling med sakliste er sendt ut på førehand. Saksdokumenta til møtet har vore tilgjengelege for politikarane på møteportalen (https://sula.acosky.no/moteportal) og for publikum på Sula kommune si heimeside. Innkallinga vart godkjent.
Sakliste:	Ok.
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	Karoline Antonie Slinning kom til behandling av sak 040/26.

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
037/26	Godkjenning av møtebok nr. 03/26	
038/26	Søknad om skjenkeløyve - engangsløyve i Solavågshallen 24.10.26 - Musikklaget EKKO	
039/26	Søknad om tidsavgrensa skjenkeløyve - Teltpartner AS	
040/26	Utvidelse av skjenketid for alkohol under fotball-VM i perioden 11.juni til 19.juli 2026	
041/26	Vurdering av Molværsdammen - vedtak om finansiering	
042/26	Bruprojekt, Pebakken.	
043/26	Revidering av tilskotsordning til frivillige lag og organisasjonar	
044/26	Medlem i lagmannsretten 2025 - 2028. Søknad om fritak Bodil Utvik Lynge	
045/26	Referatsaker	
046/26	Delegerte saker	
047/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	

037/26: Godkjenning av møtebok nr. 03/26

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

F - 037/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

038/26: Søknad om skjenkeløyve - engangsløyve i Solavågshallen 24.10.26 - Musikklaget EKKO

Kommunedirektøren si innstilling:

- Sula formannskap vedtek at Musikklaget EKKO får skjenke alkohol i Solavågshallen i samband med arrangement 24.10.26.
- Løyvet skal gjelde for eit avgrensa området i hallen og innafor omsøkt skjenketid.
- Det blir lagt til grunn at ansvarleg skjenkestyrar og rutinar for forsvarleg drift er i tråd med alkohollova og kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Saka vart drøfta.

Turid Humlen (H):

nytt 4. kulepunkt til kommunedirektør: Det er ein føresetnad at arrangementet får 18 års aldersgrense.

Forslag frå Turid Humlen om 18 års aldersgrense vart vedtatt med 6 mot 1 stemme (Bendik V Havnegjerde (FrP)).

Kommunedirektør si innstilling vart vedtatt med 6 mot 1 stemme (KrF).

F - 038/26 Vedtak:

- Sula formannskap vedtek at Musikklaget EKKO får skjenke alkohol i Solavågshallen i samband med arrangement 24.10.26.

- Løyvet skal gjelde for eit avgrensa området i hallen og innafor omsøkt skjenketid.
- Det blir lagt til grunn at ansvarleg skjenkestyrar og rutinar for forsvarleg drift er i tråd med alkohollova og kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer.
- Det er ein føresetnad at arrangementet får 18 års aldersgrense.

039/26: Søknad om tidsavgrensa skjenkeløyve - Teltpartner AS

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre / formannskap vedtek at Teltpartner AS (med organisasjonsnummer 988 397 385) får innvilga eit tidsavgrensa skjenkeløyve under desse vilkåra:

1. Tidsrom for løyvet blir gitt for 3 mnd i tidsrommet 29.mai - 30 august 2026
2. Løyvet gjeld for varegruppe 1 og 2 for skjenkestaden "Teltpøbben" på gnr 109 bnr 450 i Langevåg sentrum.
3. Teltet er iht skisse på 9 x 15 meter, med inntil 100 gjesteplassar inne og eit utareal med inntil 40 gjesteplassar.
4. Skjenketid inne i teltet kan vere fram til kl. 24.00.
5. Skjenketid for uteområdet kan vere fram til kl. 23.00.
6. Støynivået skal vere innafor det Helsedirektoratet viser til i sin veileder for Musikkanlegg og helse, jmf. punkt 5.1.2.
7. Løyvet må utøvast i samsvar med reglane i alkohollova med tilhøyrande forskrifter, og innafor Sula kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer.
8. Løyvehavar skal levere stadfesta oppgåve frå revisor eller forretningsførar på omsetning av alkoholholdig drikk i liter på begge varegrupper. Løyvegebyret vil bli berekna på grunnlag av alkoholomsetninga, og etter gjeldande sats i medhald av alkoholforskrifta.
9. Jørgen Mek født 03.02.87 godkjennast som styrar for løyvet. Sigvart Reknes født 07.01.88 godkjennast som reservestyrar for løyvet.
10. Søknad om oppføring av telt på gnr 109 bnr 450 blir godkjent av byggesaksavdelinga i Sula kommune.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Saka vart drøfta.

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP):

Arrangør kan skjenke til kl 24.00 utandørs og kl 02.00 i helgane inne i teltet.

Jim Arve Røssevoll (Ap):

Skjenketida vert sett til kl 23.00 (både inne og ute).

Forslag frå Valseth Havnegjerde fall med 2 (FrP) mot 4 stemmer.
Kommunedirektør si innstilling vart tilrådd med 5 mot 1 stemme (KrF).
Tilleggsforslag frå Røssevoll vart tilrådd med 4 mot 2 stemmer (FrP).

F - 039/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek at Teltpartner AS (med organisasjonsnummer 988 397 385) får innvilga eit tidsavgrensa skjenkeløyve under desse vilkåra:

1. Tidsrom for løyvet blir gitt for 3 mnd i tidsrommet 29. mai - 30. august 2026
2. Løyvet gjeld for varegruppe 1 og 2 for skjenkestaden "Teltpøbben" på gnr 109 bnr 450 i Langevåg sentrum.
3. Teltet er iht skisse på 9 x 15 meter, med inntil 100 gjesteplassar inne og eit utareal med inntil 40 gjesteplassar.
4. Skjenketid kan vere fram til kl 23.00 (inne i teltet og for uteområdet).
5. Støynivået skal vere innafor det Helsedirektoratet viser til i sin veileder for Musikkanlegg og helse, jmf. punkt 5.1.2.
6. Løyvet må utøvast i samsvar med reglane i alkohollova med tilhøyrande forskrifter, og innafor Sula kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer.
7. Løyvehavar skal levere stadfesta oppgåve frå revisor eller forretningsfører på omsetning av alkoholholdig drikk i liter på begge varegrupper. Løyvegebyret vil bli berekna på grunnlag av alkoholomsetninga, og etter gjeldande sats i medhald av alkoholforskrifta.
8. Jørgen Mek født 03.02.87 godkjennast som styrar for løyvet. Sigvart Reknes født 07.01.88 godkjennast som reservestyrar for løyvet.
9. Søknad om oppføring av telt på gnr 109 bnr 450 blir godkjent av byggesaksavdelinga i Sula kommune.

040/26: Utvidelse av skjenketid for alkohol under fotball-VM i perioden 11.juni til 19.juli 2026

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Sula kommunestyre vedtar midlertidig utviding av skjenketider for alkoholhaldig drikk inntil kl. 06.00. i heile perioden fotball-VM for herrar 2026 varer, 11. juni – 19. juli 2026.
2. Utvidinga gjeld berre for skjenking av alkoholhaldig drikk i varegruppe 1 og 2 (øl og vin).
3. Utvidinga gjeld berre for skjenkestader som viser direktesendte kampar i fotball-VM 2026 innandørs for staden sine gjestar. Det er eit vilkår for utvida skjenketid at skjenkestaden har serveringsbevilling og sørger for å ha tilstrekkeleg bemanning og vakthald.
4. Utvidinga gjeld ikkje for skjenking i uteareal.

5. Utvidinga er ikkje generell for alle skjenkestader i kommunen, og skjenkestader som ønsker utvida skjenketid må søke om dette. Kommunedirektøren vert gitt mynde til å avgjere desse søknadane.

Heimel: Alkohollova § 4-4 nytt niande ledd.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Karoline Antonie Slinning (Ap) kom til før behandling av saka tok til.

Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.

På spørsmål frå Bendik Valsebø Havnegjerde svarte ordførar at Teltpøbben kan søke om skjenking innanfor vedtaket i denne saka.

Jim Arve Røssevoll (Ap):

Nytt punkt 6: Gebyr for skjenking blir sett til kr 5.000.

Forslag frå Røssevoll vart samrøystes tilrådd.

Kommunedirektør si innstilling vart tilrådd med 6 mot 1 stemme (KrF).

F - 040/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtar midlertidig utviding av skjenketider for alkoholhaldig drikk inntil kl. 06.00. i heile perioden fotball-VM for herrar 2026 varer, 11. juni – 19. juli 2026.

2. Utvidinga gjeld berre for skjenking av alkoholhaldig drikk i vargruppe 1 og 2 (øl og vin).

3. Utvidinga gjeld berre for skjenkestader som viser direktesendte kampar i fotball-VM 2026 innandørs for staden sine gjestar. Det er eit vilkår for utvida skjenketid at skjenkestaden har serveringsbevilling og sørger for å ha tilstrekkeleg bemanning og vakthald.

4. Utvidinga gjeld ikkje for skjenking i uteareal.

5. Utvidinga er ikkje generell for alle skjenkestader i kommunen, og skjenkestader som ønsker utvida skjenketid må søke om dette. Kommunedirektøren vert gitt mynde til å avgjere desse søknadane.

6. Gebyr for skjenking blir sett til kr 5.000.

Heimel: Alkohollova § 4-4 nytt niande ledd.

041/26: Vurdering av Molværsdammen - vedtak om finansiering

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula formannskap vedtek å løyve **kr. 250 000** til vurderinger ang. tiltak ved Molværsdammen.

Dette gir følgende budsjettendring:

Budsjettendring vedrørende Molværsdammen	Beløp
0.7.I6088. Investeringsprosjekt Molværsdammen	250 000
0.8.I6088 Finansiering. Refusjon merverdiavgift	-50 000
0.8. Finansiering. Bruk av lån	-200 000
SUM	0

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.

Turid Humlen (H):

Formannskapet ønsker informasjon om moglege støtteordningar frå NVE og jamnleg rapportering, gjerne i kvart møte.

Innstillinga med tillegg vart samrøystes vedtatt.

F - 041/26 Vedtak:

Sula formannskap vedtek å løyve **kr. 250 000** til vurderinger ang. tiltak ved Molværsdammen.

Dette gir følgende budsjettendring:

Budsjettendring vedrørende Molværsdammen	Beløp
0.7.I6088. Investeringsprosjekt Molværsdammen	250 000
0.8.I6088 Finansiering. Refusjon merverdiavgift	-50 000
0.8. Finansiering. Bruk av lån	-200 000
SUM	0

Formannskapet ønsker informasjon om moglege støtteordningar frå NVE og jamnleg rapportering, gjerne i kvart møte.

042/26: Bruprosjekt, Pebakken.

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre vedtek å budsjettere inntil kroner 500.000 over investeringsbudsjettet for å gjere dei naudsynte utgreiingar for å løyse dei trafikkale utfordringane i reguleringsplanen for Nausthaugen og vidareutviklinga av omkringliggende område. Dette finansierast gjennom bruk av lån og refusjon av meirverdiavgift. Utgreiingsmidlane skal nyttast til vurderingar kring bru og fortau i Pebakken. Ny sak med kommunedirektøren sin vurderingar og anbefaling skal leggjast fram til politisk handsaming i juni møte.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Saka vart drøfta.

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP):

Som kommunedirektør si innstilling, men med nytt alternativ 6 med kulvert som ei billegare og funksjonelt god nok løysing. Dette punktet skal ein vurdere før punkt 5.

Kommunedirektør si innstilling med forslaget frå Valseth Havnegjerde vart samrøystes tilrådd.

F - 042/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek å budsjettere inntil kroner 500.000 over investeringsbudsjettet for å gjere dei naudsynte utgreiingar for å løyse dei trafikkale utfordringane i reguleringsplanen for Nausthaugen og vidareutviklinga av omkringliggende område. Dette finansierast gjennom bruk av lån og refusjon av meirverdiavgift. Utgreiingsmidlane skal nyttast til vurderingar kring bru og fortau i Pebakken. Nytt alternativ 6 med kulvert skal bli vurdert før punkt 5.

Ny sak med kommunedirektøren sin vurderingar og anbefaling skal leggest fram til politisk handsaming i juni møte.

043/26: Revidering av tilskotsordning til frivillige lag og organisasjonar

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Formannskapet vedtek at dei årlege tilskotsordningane til kultur og idrett vert samla i færre ordningar, slik det går fram av saka.
2. Retningslinjer for tildeling vert vedtekne slik dei går fram av vedlegg til saka.
3. Søknadsfristen for alle ordningane vert sett til 1. april.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Saka vart drøfta.

Turid Humlen (H):

Som kommunedirektør si innstilling, men slik at tilskot til utanlegg blir:

Formål: Formålet med tilskotet er etablering eller rehabilitering av anlegg som fremmer kultur- og idrettslivet på Sula. Prosjekt og tiltak innan kulturlivet (t.d. konsert, festival, jubileum) kan også søke.

SUM: kr 400.000,-.

Søknadsfrist: 1. april.

Kriterium:

Kven kan søke: Lag, organisasjonar og private aktørar (ikkje kommersielle).

Kva kan det søkast om: Etablering eller rehabilitering av anlegg som fremmer kultur- og idrettslivet på Sula.

Kva blir det ikkje gitt støtte til: Det blir ikkje gitt støtte til dagleg drift eller vedlikehald.

Krav til søknaden: Ved etablering eller rehabilitering av idrettsanlegg og nærmiljøanlegg er det ein føresetnad at det er sendt inn godkjent søknad om statlege spelemidlar.

Rapportering:

- Mottakarar av tilskot over kr 50.000,-, skal levere rapport og rekneskap via digitalt rapporteringsskjema seinast tre månadar etter gjennomføring.

- Manglande rapportering kan føre til at ein ikkje får søkje på eitt til tre år.

- Dersom føresetnaden eller behovet for tilskotet fell bort, skal midlane betalast tilbake.

Ordførar kommenterte at evt søknadar om tilskot til kunstgrasbaner, skal kunne gi inntil 100 % av den årlege ramma til ordninga for uteanlegg til dette føremålet. Dette er det Levekårsutvalet som må ta stilling til. Evt tilleggsløyvingar utover vedtatt budsjettramme må bli behandla av formannskap og kommunestyret.

Kommunedirektør si innstilling vart sett opp mot forslag frå Humlen. Humlen sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

F - 043/26 Vedtak:

1. Formannskapet vedtek at dei årlege tilskotsordningane til kultur og idrett vert samla i færre ordningar, slik det går fram av saka.
2. Retningslinjer for tildeling vert vedtekne slik dei går fram av vedlegg til saka, men med slike reglar for tilskot til uteanlegg:

Formål: Formålet med tilskotet er etablering eller rehabilitering av anlegg som fremmer kultur- og idrettslivet på Sula. Prosjekt og tiltak innan kulturlivet (t.d. konsert, festival, jubileum) kan også søke.

SUM: kr 400.000,-.

Søknadsfrist: 1. april.

Kriterium:

- Kven kan søke: Lag, organisasjonar og private aktørar (ikkje kommersielle).
- Kva kan det søkast om: Etablering eller rehabilitering av anlegg som fremmer kultur- og idrettslivet på Sula.
- Kva blir det ikkje gitt støtte til: Det blir ikkje gitt støtte til dagleg drift eller vedlikehald.
- Krav til søknaden:
- Ved etablering eller rehabilitering av idrettsanlegg og nærmiljøanlegg er det ein føresetnad at det er sendt inn godkjent søknad om statlege spelemidlar.
- Rapportering:

- Mottakarar av tilskot over kr 50.000,-, skal levere rapport og rekneskap via digitalt rapporteringsskjema seinast tre månadar etter gjennomføring.
- Manglande rapportering kan føre til at ein ikkje får søkje på eitt til tre år.
- Dersom føresetnaden eller behovet for tilskotet fell bort, skal midlane betalast tilbake.

3. Søknadsfristen for alle ordningane vert sett til 1. april.

044/26: Medlem i lagmannsretten 2025 - 2028. Søknad om fritak Bodil Utvik Lyng

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre gir Bodil Utvik Lyng fritak ut perioden 2025 - 2028.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 044/26 Vedtak:

Sula kommunestyre gir Bodil Utvik Lyng fritak ut perioden 2025 - 2028.

045/26: Referatsaker

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Kommunedirektør orienterte om referatsaka.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

F - 045/26 Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

046/26: Delegerte saker

Delegerte saker vert tatt til vitande slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

F - 046/26 Vedtak:

Delegerte saker vert tatt til vitande slik dei ligg føre.

047/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

På starten av møtet, før ein begynte på saklista, orienterte kommuneadvokat Reidar Andresen (Judicia DA) om status i rettssaka mellom Boligareal AS og Sula kommune og som seinare kanskje skal opp i Høgsterett. Orienteringa er vurdert å ikkje vere offentleg. Eit samrøystes formannskap vedtok å lukke møtet. Dette med heimel i kommunelova § 11-5, jf også gjeldande møtereglement:

«Et folkevalgt organ kan vedta å lukke et møte hvis (...) hensynet til tungtveiende offentlige interesser tilsier at møtet lukkes, og det vil komme fram opplysninger i møtet som kunne ha vært unntatt fra innsyn etter offentleglova hvis de hadde stått i et dokument. (...) Et folkevalgt organ eller møtelederen kan vedta at en debatt om lukking av et møte skal holdes i lukket møte. En avstemning om eventuell lukking av et møte skal holdes i åpent møte.»

Heimel for å unnta dokumentet frå offentleggjing finn vi i Offentleglova § 18 Unntak for rettssaksdokument: *«Det kan gjerast unntak frå innsyn for dokument som eit organ har utarbeidd eller motteke som part i ei rettssak for norsk domstol.»*

Uvedkomande måtte forlate møtet. Det var ei runde med spørsmål og svar. Møtet opna kl 14.45.

Ordførar viste til spørsmål frå Bendik Valseth Havnegjerde (FrP) frå møte 10.03.26 og svar som var utsendt saman med innkalling og sakliste.

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP) hadde to spørsmål til møtet:

Innkjøp av gravemaskin. Lurer på kva rammeavtalar vi har graving og er det slik at vi skal ta på oss all graving sjølv framover eller må vi framleis ha rammeavtale for slikt arbeid.

Kommunedirektør svarte at kjøp av gravemaskin og at har tilsett med kompetanse.

Rammeavtale går ut i september. Må ta stilling til evt fornying innan den tid.
Formannskapet ønskte at kommunestyret får orientering om ulike sider ved ny rammeavtale før den blir innhenta.

Gangveg Vadset: budsjettert kostnad var kr 1.500.000, endeleg budsjettramme var kr 3.500.000. Kva viser sluttrekneskapen?

Kommunedirektør svarte at opprinnelig budsjett var kr 2.000.000. I K-sak 091/24 blei budsjettet utvida med kr 1.750.000 slik at totalbudsjettet blei på kr 3.750.000. Ubrukt løyving i 2024 på kr 3.624.000 kr blei rebudsjettert til 2025.

Rekneskap:

Regnskap	Beløp
Investeringsutgift 2024	126 000
Investeringsutgift 2025	3 740 680
SUM	3 866 680

Rekneskap viser 116.680 kr meir enn budsjett.

I årsmelding 2025 står det følgande kommentar knytt til dette prosjektet: «Prosjektet er ferdigstilt. 120.000 kr ført på VA – dekkes over rammeløyving VA» (vatn og avløp).

Ordførar orienterte:

8. mai markerer vi freds- og veterandagen kl 13.00 ved minnesmerket ved Langevåg kyrkje. Vi har invitert representantar frå Norges veteranforbund for internasjonale oppdrag i Møre og Romsdal (NVIO) til å ta del. Det blir bl.a. nedlegging av blomster og eg vil halde ein helsingstale før det blir 1 minutts stillheit.

22. juli er det 15 år sidan dei grufulle terrorhandlingane ved Regjerings-kvartalet og på Utøya. Sula kommune vil ta ansvar for ei markering av dette på onsdag 22. juli kl 17.00.

Arbeidet er i gang. Vi har hatt dialog med dei pårørande til Sverre Flåte Bjørkavåg, med Statsforvaltaren og Kyrkja som stiller med open kyrkje i etterkant. Vi vil ta kontakt med andre relevante som bl.a. Støttegruppa Nordvest, Fagforbundet, Arbeidarpartiet og Sula ungdomsråd. Vi har også snakka om mogleg temasamtale om demokratiet inne i kyrkja etter markeringa utandørs.

Oppmoda dei som ikkje er på ferie til å bli med på markeringa.

Første januar neste år blir **Sula kommune 50 år**. Dette må bli markert, det kan bli eit artig arrangement, kanskje i alle tre skulekrinsane. Kan markere med ulike aktivitetar i januar månad. Dagleg leiar i Sula frivilligsentral, Jostein Bergem Håland, har meldt seg som interessert i å vere med i arrangementskomiteen. Medlemmar av formannskapet kan også bli med, så ho oppmoda formannskapet til å «drodle» om idear framover. Dette var formannskapet svært villig til og det var ei kort runde med utveksling av idéar.

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

F - 047/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.